



# Gudbrandsdalsmusea AS

## VEDTEKTER FOR DRIFTSSELSKAPET GUDBRANDSDALSMUSEA AS

Vedteke i Generalforsamling 29. april 2010

### § 1 - Namn og adresse

Driftsselskapets namn er: Gudbrandsdalsmusea AS.

Forretningsadressa er: Skansen 7, 2670 Otta.

Forretningskommunen er: Sel kommune (0517) i Oppland fylke (05).

### § 2 - Formål

Driftsselskapet er etablert ut frå ei felles målsetting om å drive og utvikle einingane ved Gudbrandsdalsmusea AS.

Driftsselskapet skal vere ein møtestad for arbeid med natur, kultur, kunst og kunnskap mellom fortid, nåtid og framtid i driftsselskapet sitt ansvarsområde.

Eininga skal vidareutvikle sin kompetanse på natur- og kulturhistorie og vere aktiv i utviklinga av eit kulturbasert næringsliv.

Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre/nye einingar som ligg innanfor driftsselskapets formål.

Selskapet skal vere eit non profit selskap. Eventuelt driftsoverskott skal først attende til driftsselskapet.

### § 3 - Egedomsrett

Den einskilde eining skal ha eit eige utval/styre som driftsselskapet skal ha samarbeidsavtale med.

Avtala fører ikkje til endringar i eigedomstilhøvet til dei einskilde museumseigedomar og einingar.

### § 4 - Administrasjonsspråk

Gudbrandsdalsmusea AS skal i hovudsak bruke nynorsk i skriftleg stoff.

Eigarane av dei ulike einingane kan krevje at norsk informasjon knytt åt deira einingar skal vere på anten nynorsk eller bokmål.

### § 5 - Aksjekapital og overdraging av aksjar

Aksjekapitalen er på kr. 300.000 fordelt på 100 aksjar à kr. 3.000 etter følgjande fordeling:

• Lesja kommune	7 aksjar
• Dovre kommune	7 aksjar
• Sel kommune	7 aksjar
• Skjåk kommune	7 aksjar
• Lom kommune	7 aksjar
• Vågå kommune	7 aksjar
• Nord-Fron kommune	7 aksjar
• Sør-Fron kommune	7 aksjar
• Ringeby kommune	7 aksjar
• Lesja Bygdemuseum	5 aksjar
• Lom Bygdemuseum	5 aksjar
• Jutulheimen Bygdemuseum	5 aksjar
• Stiftelsen Norsk Fjellmuseum	5 aksjar
• Senter for Bygdekultur v/Stiftelsen Norsk Kulturarv	4 aksjar
• Dale-Gudbrands Gard	4 aksjar
• Stiftinga Gudbrandsdal Krigsminnesamling	5 aksjar
• <u>Stiftelsen Ringeby Prestegard</u>	<u>4 aksjar</u>
Sum	100 aksjar

Overdraging av aksjar krev samtykke frå styret.

Aksjar kan berre eigast av kommunar, andre offentlege organ, og kulturelle og/eller ideelle organisasjonar.

Ingen enkelteigar kan eige meir enn 2/3 av aksjane eller på annan måte ha ein-sidedig avgjerslemynde i selskapet.

## § 6 - Overordna retningsliner

Gudbrandsdalsmusea AS kan samarbeide med offentlege myndigheiter, næringsliv og private aktørar om og for utvikling av selskapets i tråd med formålet i § 2.

Gudbrandsdalsmusea AS kan ta på seg nasjonale oppgåver.

Drifta av museumseiningane skal vere i samsvar med retningslinene for det internasjonale museumsforbundet ICOM.

## § 7 - Styret

Styret i Gudbrandsdalsmusea AS har 7 medlemmer som vert valde slik:

- Dei tilsette vel sjølv 1 styremedlem med inntil 2 personlege varamedlemmer. Valperioda bør normalt vera 2 år og bør ta til samstundes som generalforsamlinga i "ulike år". Dagleg leiar har røysterett ved val av styre- og varamedlemmer, men er ikkje sjølv valbar.
- Institusjonsaksjonærene, dvs. aksjonærar som ikkje er kommunar eller andre offentlege organ, har 2 styremedlemmer, kvar med inntil 2 vara-medlemmer. Valperioda for kvart styremedlem med personlege varamedlemmer er 2 år, men dei vert valde annakvart år.
- Kommunane Lesja, Dovre og Sel har 1 styremedlem med 2 personlege varamedlemmer som veljast i "like år". Valperioda er 2 år.
- Kommunane Skjåk Lom og Vågå har 1 styremedlem med 2 personlege varamedlemmer som veljast i "ulike år". Valperioda er 2 år.
- Kommunane Nord-Fron, Sør-Fron og Ringeby har 1 styremedlem med 2 personlege varamedlemmer som veljast i "like år". Valperioda er 2 år.
- I "like" år veljast 1 styreleiar og 2 personlege varamedlemmer frå kommunane. Valperioda er 2 år.

Styret vel sjølv nestleiar, og konstituerer seg forøvrig slik det sjølv finn praktisk.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Ved røystelikeheit har styreleiar, eventuelt møteleiar, dobbeltrøyst.

## § 7 A - Valkomit 

Valkomit en i Gudbrandsdalsmusea AS har 5 medlemmer som vert valde slik:

- 1 politisk vald medlem fr  kommunane Lesja, Dovre og Sel. Normalt b r det vera ein ordf r r.
- 1 politisk vald medlem fr  kommunane Skj k, Lom og V g . Normalt b r det vera ein ordf r r.
- 1 politisk vald medlem fr  kommunane Nord-Fron, S r-Fron og Ringebu. Normalt b r det vera ein ordf r r.
- 2 medlemmer fr  institusjonsaksjon rane.

Valkomit ens leiar skal vera ein av kommunerepresentantane, og det er han/ho som kvart  r skal ta initiativ til   starte opp valkomit arbeidet.

Valkomit en veljast p  nytt p  kvar generalforsamling.

Dersom eit vald kommunemedlem ikkje kan fungere, kan ordf r rane i dei 3 kommunane medlemmet er vald for foreta suppleringsval.

Viss eit medlem fr  institusjonsaksjon rane ikkje kan fungere, tek det andre medlemmet initiativ til eit suppleringsval.

## § 8 - Styrets oppg ver

Gudbrandsdalsmusea AS blir teikna av styrets leiar og eit styremedlem i fellesskap. Styret kan meddele prokura.

Styret har det overordna ansvaret for Gudbrandsdalsmusea AS, herunder det faglege, strategiske, administrative og  konomiske ansvaret.

Styret fremmer forslag til generalforsamlingen om val av revisor.

Styret skal sj  til at selskapets form l blir fremma i samsvar med dei vedtekne  konomiske ramane for drifta.

Styret forvalter selskapets interesser med dei avgrensingar som f lgjer av gjeldande avtaler.

Styret avgjer om forretningsf ringa av selskapets verksemd skal settast bort til andre.

Styret tilsett og seier opp dagleg leiar og fastsett vedkommande si l n og utarbeider instruks for stillinga.

Styret gjer vedtak om oppretting og avvikling av driftsavtaler eller samarbeidsavtaler med andre relevante partar.

Styret kan ved behov oppnemne s rskilt forhandlingsutval som saman med dagleg leiar gjennomf rer lokale l nsforhandlingar.

## § 8 A - Dagleg leiar

Dagleg leiar tilsett selskapets personale og fast-sett deira l n i samsvar med godkjend budsjett og dei tariffar og avtaler som til ei kvar tid gjeld.

## § 9 - Generalforsamlinga

Ordin r generalforsamling blir halden kvart  r innan utgangen av juni m nad.

F rehandsvarsel til aksjon rane skal sendast seinast innan utgangen av februar, og skriftleg innkalling sendast med minst 14 dagars varsel.

Den ordinære generalforsamlinga skal behandle:

- Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding.
- Disponering av overskott eller dekning av underskott i medhald av fastsett balanse.
- Val av styremedlemmer, varamedlemmer og styreleiar. Forslag frå valkomitéen, jfr. § 7.
- Val av valkomité. Forslag frå styret, jfr. § 7 A.
- Val av revisor. Forslag frå styret, jfr. § 8.
- Endring av vedtekter.
- Andre saker som etter vedtektene og aksjelova høyrer inn under generalforsamlinga.
- Val avgjerast med alminneleg fleirtal, dvs. meir enn 50 % av røystene. Andre avgjerder krev 2/3 fleirtal av dei gjevne røystene.

## § 10 - Forholdet til verdipapirsentralen

Driftsselskapets aksjar skal ikkje registrerast i Verdipapirsentralen.

## § 11 - Registrering av nye gjenstandar

Inntak av gjenstandar skal skje i samsvar med den til ei kvar tid vedtekne inntakspolitikken ved Gudbrandsdalsmusea AS, samt på grunnlag av skriftlege, gjensidige forpliktande avtaler mellom donator, deponent, utlånar og museet. Avtalene skal regulere partanes rettigheitar og plikter i forbindelse med oppbevaring, kassasjon, registrering og bruk av objekta.

## § 12 - Økonomi

Alle formar for tilskot, prosjektmidlar, øyremerkte tilskot og pengegåver blir godskrive Gudbrandsdalsmusea AS.

Gåver som blir gjeve til eitt av musea/einingane, kan berre nyttast til det formål gjevar (gjevarane) har bestemt.

## § 13 - Arbeidsgjevaransvar

Gudbrandsdalsmusea AS har fullt arbeidsgjevaransvar for dei som er tilsett i selskapet og ved dei ulike einingane.

Gudbrandsdalsmusea AS skal vere medlem av ein arbeidsgjevarorganisasjon.

## § 14 - Oppløysing

Ved oppløysing vil driftsmidlane og eigedomane gå tilbake til dei opprinnelege musea/samlingane i medhald av den signatur samlingane er merka med.

Eventuelle verdiar utover samlingane blir fordelt i medhald av talet på eigde delar (aksjar) ved oppløysing.

Ordførarane i eigarkommunane utgjer saman avviklingsstyret.

Ved usemje i avviklingsstyret blir saka avgjort av Sorenskrivaren i Nord-Gudbrandsdal.

Avgjersler etter denne paragrafen krev 2/3-fleirtal.